



Kinn kommune

sentio  
research  
norge

# Næringsundersøking

---

Kinn kommune i samarbeid med

Næringsforeiningane i Florø og Måløy

Hausten 2023

# Om undersøkinga



På oppdrag frå Kinn kommune og i samarbeid med næringsforeiningane Måløy Vekst og Florø Industriforeining har Sentio Research gjennomført ei undersøking om tilfredsheit med kommunen. Formålet med undersøkinga er å kartlegge lokale bedrifter sine synspunkt på viktige utviklingstrekk i kommunen.



Utvalet består av 93 bedrifter i Kinn kommune, 36 i Måløy og 57 i Florø. 260 bedrifter vart invitert, etter e-postlister frå næringsforeiningane og 36 % svarte.



Intervjuane vart gjennomført i perioden 4. oktober – 21. oktober 2023.



Undersøkinga ble gjennomført digitalt med invitasjon på e-post. Respondentane kunne svare på undersøkinga på eigen enhet.


## Presentasjon av resultater

- Resultata visast som standardiserte gjennomsnitt, der 0 er dårlegaste skår og 100 er beste skår. «Veit ikkje»-svara er tatt vekk. Tabellen til høgre viser kva slags skår dei ulike svarkategoriene gis, og korleis man kan tolke skårane. Merk at dette berre er ei rettleiande tolking.
- Merk at tilrådingane berre tek utgangspunkt i dei påstandane som er inkludert i undersøkinga. Det kan vere andre faktorar som og er viktig, men som ikkje målast i denne undersøkinga.
- I rapporten er det lagt inn figurer som viser heile svarfordelinga, men i den oppsummerande teksten visast det gjerne til andelen som er heilt og litt einig og heilt og litt ueinig. Når prosentandelen for kvart svar først opp i figuren rundes det av til næraste heile tal. Når vi viser til den samanslåtte andelen einige reknar vi det ut på nytt med det faktiske prosenttalet utan avrunding, noko som kan føre til eit anna tal enn om man slår saman dei to avrunda tala i figuren. Der dette er tilfelle er det markert med ei stjerne\*.


Svarkategori	Standardisert gjennomsnitt
Heilt ueinig	0
Litt ueinig	25
Verken eller	50
Litt einig	75
Helt einig	100
Gjennomsnittskår	Tolkning av resultat
80 og over	Svært godt resultat
70–79	Godt resultat
60–69	Noko godt resultat
50–59	Verken godt eller dårleg resultat
40–49	Noko dårleg resultat
Under 40	Svært dårleg resultat

# Bakgrunnsinformasjon om bedriftene


- Samla sett har vi 93 svar i undersøkinga. Bedrifter i Florø står for 57 svar og bedrifter i Måløy står for 36.




- Nesten halvparten av bedriftene har 6-20 tilsette, for begge områdene. Måløy har ein litt høgare andel bedrifter med 1-5 tilsette enn det Florø har, men Florø har ein litt høgare andel med 50+ tilsette.



- Fordelinga mellom dei forskjellige bransjane er relativt jamn.




# Oppsummering av hovudfunn



4 av 10 bedrifter i Kinn trur dei vil bli fleire tilsette i dei neste 12 månadane, medan 5 av 10 trur dei vil vere like mange.



Det er ikkje store skilnadar mellom Florø og Måløy i undersøkinga. Berre to spørsmål er tydeleg ulikt for dei to byane. Kor ein bør bygge nye bustadar og om ein har utfordringar med å rekruttere til bedrifta.



Bygg- og anleggsbransjen skil seg ofte ut med eit dårlegare inntrykk enn dei andre bransjane. Deira svar er signifikant lågare enn gjennomsnittet på 8 spørsmål




Samarbeidet mellom bedriftene vurderast i stor grad som godt, uavhengig av bransje. Samarbeidet mellom kommune og bedrift er ikkje like godt som mellom bedriftene.


# Kun 1 av 10 trur dei vil måtte nedskalere

- Ingen av dei 35 bedriftene i Måløy trur dei må redusere, men 16 % av bedriftene i Florø trur det.
- Det er i hovudsak bedrifter innan industri som trur dei vil bli fleire tilsette i dei neste 12 månadane, der 71 % svarer at dei vil bli fleire.
- På spørsmålet om dei har utfordringar med å rekruttere nye medarbeidarar svarar Måløy-bedriftene at dei i større grad har utfordringar med å rekruttere nye medarbeidarar.
- 34 % av Måløy-bedriftene svarar at dei i svært stor grad har utfordringar med å få rekruttert nye medarbeidarar, medan berre 9 % av Florø-bedriftene svarar det same. Måløy-bedriftene synes heilt klart at det i større grad er ei utfordring å rekruttere nye medarbeidarar.
- Det er ingen skilnad mellom dei forskjellige bedriftsstorleikane på spørsmåla.

Trur du bedrifta i løpet av dei neste 12 månadene vil ha fleire tilsette enn i dag, færre tilsette eller like mange tilsette?




Har di bedrift utfordringar med å få rekruttert nye medarbeidarar?



# Ganske lik prioritering av Måløy og Florø for bustadsutvikling

- Sjølv om Florø har ein større andel svar i undersøkinga er det ganske jamt i kor dei meiner bustadar bør utviklast, men dei fleste i Måløy har svart Måløy (86 %) og dei fleste i Florø har svart Florø (79 %). 25-28 % har svart byen dei ikkje held til i.
- Det er store skilnadar på hovudbransje, der bedrifter innan Fiskeri og akvakultur i svært liten grad har kryssa av for Florø som eit prioriteringsområde (17 %). 91 % av bedriftene innan forretningsmessig tenesteyting har svart at Florø bør prioriterast. 45 % av bygg- og anleggsbransjen har svart at Eikefjord bør prioriterast og 45 % av dei med 21-50 tilsette svarer det same. Det er ingen samanheng mellom kor mange tilsette ein har og hovudbransje i prioritering av Eikefjord.


Kva delar av kommunen bør prioriterast for bustadutvikling? (Fleire svar mogleg)




# Bustadar av ulike størrelsar og prisklasser

- 44 % svarer at dei synest det er tilgang på bustadar av ulike størrelsar og prisklasser, medan 38 % svarer at dei er ueinige i påstanden. Samla sett gir dette ein snittskår på 51.
- Når det gjeld utleigebustadar synes over halvparten (54 %) at det ikkje er god nok tilgang på utleigebustadar.
- Det er noko skilnad på bedriftene på dette spørsmålet, der heile 74 % av bedriftene i Måløy har svart at dei er ueinige i at det er god nok tilgang på utleigebustadar, mot 41 % av Florø. Bedriftene med 5 eller færre tilsette synes det er betre tilgang på utleigebustadar enn det større bedrifter gjer. Samla sett gir dette ein snittskår på 32, eit lågt resultat.

Det er tilgang på bustader i Kinn kommune i ulike størrelsar og prisklasser



Det er god nok tilgang på utleigebustader i Kinn kommune






# Bustadar som samsvarer med bedriftas rekrutteringsstrategi

- Ein av fire (25 %) er einig i at det er tilgang på bustadar som samsvarer med deira rekrutteringsstrategi, medan 40 % er ueinige. Samla sett gir dette ein snittskår på 44.
- 63 % av bedriftene i Måløy er ueinige i påstanden, ein klart høgare andel enn i Florø, der 26 % er ueinige. Det same mønsteret ser vi og i andelen som svarer nøytral, der 11 % av Måløy og 37 % av Florø er nøytrale. Bedriftene i Måløy synest det er mindre tilgang på bustadar i kommunen som samsvarar med deira rekrutteringsstrategi.
- Om vi berre ser på dei som er ueinige i at tilgangen på bustad samsvarar med deira rekrutteringsstrategi, seier 64 % av dei at Måløy må prioriterast for ny bustadutvikling, 56 % Florø, 28 % Eikefjord og 25 % distrikt, relativt likt som prioriteringa elles, men med ein noko høgare andel som svarer Måløy.


Det er tilgang på bustadar i Kinn kommune som samsvarer med bedriftas rekrutteringsstrategi



# Næringsareal

- 28 % svarer at dei er heilt eller litt einig i at kommunen har ledige næringsareal.
- Bygg- og anleggsbransjen er mindre einige i at kommunen har ledige næringsareal, samanlikna med dei andre bransjane.
- Det er meir semje i at det er ledige næringsareal blant dei minste bedriftene. Det er teikn på at jo større bedrifta er, jo *mindre* semje er det i at det er ledige næringsareal, men denne utviklinga er ikkje statistisk signifikant.
- Det er òg teikn på at dei i Florø i større grad er einige i at det er ledige næringsareal enn kva dei i Måløy er. Forskjellen er ikkje stor nok mellom byane til at det er statistisk signifikant.


Kommunen har ledige næringsareal




# Reguleringsplanar

- Ein av fire (28 %)\* meiner at kommunens reguleringsplanar er godt tilpassa næringslivets behov. 47 % er ueinige i at reguleringsplanane til kommunen og også her er det bedriftene innan bygg- og anleggsbransjen som i størst grad er ueinige, der 75 % av dei er ueinige i påstanden.
- Det er og teikn på at jo større bedriftene er, jo mindre semje er det i begge spørsmåla, men det er ikkje statistisk signifikante skilnadar.
- Jamt over er bedriftene splitta, men noko på den negative sida, med ein snittskår på 40 for tilpassinga og 47 på handsaminga av saker.

Kommunen sine reguleringsplanar er godt tilpassa næringslivets sitt behov




Kommunen handsamar saker som angår næringslivet på ein god måte innanfor reguleringsplanar



# Byggesaker

- Byggesakshandsaminga er relativt splittande, med 30 % av bedriftene som svarer at dei synes at kommunen handsamar saker som angår næringslivet på ein god måte. 48 % svarer at dei synest at kommunen ikkje gjer det. Det er ingen signifikante skilnader mellom bedriftene i dette spørsmålet.


Kommunen handsamar saker som angår næringslivet på ein god måte innanfor byggesak.



# Kven er mest nøgd med næringsstøtta?

- Bedriftene er i hovudsak nøytrale til næringsstøtta frå kommunen, der heile 39 % har svart at dei er nøytrale til påstanden. Den høge andelen nøytrale svar kan ha med kjennskap eller kor utbreidd det er, då det og bør sjåast i samanheng med at 12 % svarar at dei ikkje veit.
- Bygg- og anleggsbransjen skil seg ut som meir negative med ein snittskår på 22, samanlikna med det totale snittet på 42. Bedrifter innan varehandel og transport er i andre enden av skalaen med eit snitt på 66, dei er dermed meir positive enn gjennomsnittet.
- Vi ser og at bedriftene med 1-5 tilsette er mykje meir positive enn dei med fleire tilsette, med eit snitt på 64, mot det totale gjennomsnittet på 42.
- Det er ikkje spurt om bedriftene sjølv har erfaring med næringsstøtta, så det er ikkje høve til å seie noko om erfaringsbasert tilbakemelding, men også utan å sjå på erfaring, kan det virke som at næringsstøtta trekk enkelte bedriftsstorleiker og bransjar betre enn andre.


Kommunen handsamar saker som angår næringslivet på ein god måte innanfor næringsstøtte.




# Bedriftene er noko positive til rettleiartenesta

- I påstandane spesifiserast det at det omfattar kommunen og Aksello og Måløy Vekst.
- For begge påstandane er det eit noko positivt inntrykk av rettleiartenesta, for eksisterande næringsliv har dei ei skår på 53 og for nyetablerte/gründerar ei skår på 58.
- Det er signifikante skilnader mellom bransjane på begge spørsmåla, men skilnadane er ikkje store nok til å slå ut med ein tydeleg retning for nokon spesifikk bransje. For eksisterande næringsliv er det likevel antydingar til at bygg- og anlegg i mindre grad er samd i påstanden og at forretningsmessig tenesteyting, samt varehandel og transport er meir nøgd. På same spørsmålet er det og registrert skilnadar mellom bedriftsstorleikane, men det er heller ikkje eintydig korleis av bedriftsstorleikane som skil seg ut. Det er likevel antydingar til at bedrifter med 6-20 tilsette er mindre nøgde og dei minste (1-5 tilsette) og dei største (50+ tilsette) er meir nøgd, men vi kan ikkje si det eintydig.

Kommunen har lett tilgjengeleg rettleiarteneste for eksisterande næringsliv




Kommunen har lett tilgjengeleg rettleiarteneste for etablerarar / gründerar




# Støtte til næringslivet

- I påstandane spesifiserast det at det omfattar kommunen og Aksello og Måløy Vekst.
- 23 %\* svarer at dei synest at kommunen er flink til å formidle informasjon om moglege støtteordningar, men 45 % synest dei ikkje er det. Nøytral er svaralternativet som er svart oftast med 27 %.
- 1 av 3 (33 %) svarer at alt i alt så ytt kommunen god service ovanfor næringslivet, medan 41 % svarer at dei ikkje synest det. Snittskåren på dette spørsmålet er 46, så ikkje langt unna midten av skalaen. Snittskåren trekkast ned av bedrifter innan bygg- og anleggsbransjen som svarer meir negativt og ender på ei skår på 25. Ein skår på 25 kan sjåast som tilsvarande som om alle har svart «litt ueinig».

Kommunen er flink til å formidle informasjon om moglege støtteordningar for næringslivet




Alt i alt ytt kommunen god service ovanfor næringslivet




# Synest bedriftene at kommunen forstår dei?

- I spørsmålet om kor god forståing kommunen har for det etablerte næringslivet, er det få som svarar nøytralt og dei fleste fell enten på positiv eller negativ side, noko som kan tyde på at det var eit meir eintydig spørsmål for bedriftene.
- 37 % synest at kommunen har god forståing for behova til det etablerte næringslivet, medan 49 % synest at kommunen ikkje har det. Det er ingen kjenneteikn ved bedriftene som kan identifisere kven som har eit meir eller mindre positivt inntrykk av kommunens forståing for behova deira. Bedriftene svarar samstemt uavhengig av bransje, område og storleik.
- Det same gjeld i stor grad og på spørsmålet om kommunen har forståing for behova til gründerar/etablerarar. Det er likevel to faktorar som skil seg ut. Éin – Måløy-bedriftene har i større grad svart at dei er nøytrale her, med heile 42 % nøytrale. To – bygg- og anleggsbedrifter er litt mindre einig i påstanden enn dei andre bransjane.

Kommunen har god forståing for behova til det etablerte næringslivet



Kommunen har god forståing for behova til gründerar/etablerarar







# Nettverk og samarbeid mellom kommune og bedrift

- 34 % synest at kommunen arbeider aktivt for å skape nettverk mellom næringslivet og kommunen og 40 % synest ikkje det. Det er ingen kjenneteikn ved bedriftene som gjer at nokon skil seg ut som meir eller mindre positive til kommunens arbeid. I gjennomsnitt har bedriftene svart til ein snittskår på 46, så akkurat på den negative sida av skalaen.
- Samarbeidet med kommunen vurderast som greitt, og er i stor grad fordelt rundt midten, med veldig få bedrifter som synest at det er enten svært bra eller svært dårleg. Berre 8 % svarer at det er svært dårleg, men det er og berre 1 % som svarer at det er svært bra. Samla sett blir det dermed ein snittskår på 47, også her akkurat på den negative sida av skalaen. Heller ikkje her er den nokre kjenneteikn som skil seg ut som meir eller mindre positive til samarbeidet.

Kommunen arbeider aktivt for å skape nettverk mellom næringslivet og kommunen




Korleis opplever du samarbeidet mellom næringsliv og kommunen




# Samarbeidet mellom bedriftene og næringsen

- 7 av 10 (69 %) svarer at dei synest samarbeidet mellom bedrifter i næringsen er godt og berre 13 %\* svarer at dei synest det er dårleg. Samla sett gir dette ein snittskår på 67. Det er ingen klare kjenneteikn ved bedriftene som skil dei som synes det er godt frå dei som ikkje gjer det.
- 6 av 10 (59 %) svarer at dei opplever samarbeidet på tvers av næringsa som god, ein litt lågare andel enn for samarbeidet mellom bedrifter i næringsen. 18 % synest at samarbeidet på tvers av næringsa er dårleg.

Korleis opplever du samarbeidet mellom bedrifter i næringsa?




Korleis opplever du samarbeidet på tvers av næringsa?




# Utvikling med eksterne aktører

- 32 %\* av bedriftene synest av kommunen samhandlar godt med eksterne utviklingsaktører og 27 % synest at kommunen ikkje gjer det. Det er og 26 % som ikkje fell ned på enten positiv eller negativ side. I gjennomsnitt skårar bedriftene 50 på dette spørsmålet, altså akkurat i midten av skalaen.
- 16 % svarer at dei synest at kommunen hjelper næringslivet med å skaffe finansiering av sine utviklingsprosjekt. Éin av tre er verken einig eller ueinig i denne påstanden og 30 % synest at kommunen ikkje hjelper næringslivet med dette. Dei fleste er likevel nøytrale til påstanden (32 %) og svært mange vel å svare at dei ikkje veit (22 %). Det er dermed få sterke meiningar på dette spørsmålet. Etter at «Vet ikkje»-andelen er fjerna skårar bedriftene 41 på dette spørsmålet.

Kommunen samhandlar godt med eksterne utviklingsaktører som til dømes næringshagar, innovasjon Norge, Fylkeskommunen, forskingsmiljø, Siva, kunnskapsparkar osv.



Kommunen hjelper næringslivet med å skaffe finansiering av sine utviklingsprosjekt, t.d. innovasjon Norge




# Nærings- og kraftfond som støtte til næringa

- 12 % synest at kommunen brukar næringsfond, kraftfond eller tilsvarande for å støtte opp om og utvikle nytt og eksisterande næringsliv. 32 %\* synest ikkje det. Og her er det mange som vel å svare at dei ikkje veit (23 %) og mange som svarer at dei er nøytrale til påstanden. Det kan vere det heng saman med kjennskapen til korleis kommunen brukar nærings- og kraftfond til å støtte opp og utvikle næringslivet. Utan å rekne med veit ikkje-svara ender det opp på ein snittskår på 42, så noko på den negative sida.

- Halvparten av bedriftene innan Industri (inkl. bergverk/utvinning og el./gass-/vassforsyning) svarer at dei ikkje veit på denne påstanden.


Kommunen brukar næringsfond, kraftfond eller tilsvarande for å støtte opp om og utvikle nytt og eksisterande næringsliv



# Er infrastrukturen tilrettelagt for bedriftene?

- Samla sett synest bedriftene at infrastrukturen er greitt lagt til rette for bedriftene, men noko på den negative sida med eit snitt på 44. 27 %\* av bedriftene er positive til korleis kommunen legg til rette for næringslivets utvikling gjennom investeringar i infrastruktur, medan 44 % er negative.
- Det er ingen kjenneteikn ved bedriftane som gjer at nokon skil seg ut som meir eller mindre positive til korleis kommunen legg til rette for næringsutvikling gjennom infrastrukturinvesteringar.


Kommunen legg til rette for næringsutvikling gjennom investeringar i infrastruktur (breiband, areal, veg, parkering m.m.)




# Kva synest bedriftene om korleis kommunen legg til rette for veg og vatn/avløp?

- Éin av tre (33 %) er positive til påstanden om at kommunen legg til rette teknisk infrastruktur for næringslivet innan veg. 40 % \* er negative og 19 % har svart nøytralt. Samla sett har bedriftene svart til ein snittskår på 45, altså så vidt på den negative sida.
- Dei dei aller minste (1-5 tilsette) og aller største (med 50+ tilsette) er i større grad einig i at kommunens legg til rette for vegane kor dei svarar til snittskårar på 64 og 58 i den rekkefølgja. Bedriftene med 6-50 tilsette svarar til ein snittskår på 36 og er dermed mindre positive.
- Når det gjeld vatn og avløp er nesten halvparten (49 %\*) nøgd, medan berre 19 %\* er misnøgd. Totalt svarar bedriftene til ein snittskår på 61 for vatn/avløp. Merk at 30 % av bedriftene i Måløy svarer at dei ikkje veit, noko som har ein stor påverking på gjennomsnittet, då berre 2 % av Florø gjer det same. Bedriftene innan forretningsmessig tenesteyting er meir einige og får ein snittskår på 83.

Kommunen legg til rette for teknisk infrastruktur for næringslivet innan veg




Kommunen legg til rette for teknisk infrastruktur for næringslivet innan vatn/avløp




# Kommunens arbeid med næringsutvikling

- 32 %\* av bedriftene er einige i at næringsutvikling står høgt på den kommunale dagsordenen og 38 %\* er ueinige. Samla sett gir dette ein snittskår på 46, så vidt på den negative sida. Merk at 42 % av Måløy-bedriftene har svart nøytralt (50), som har ein påverking på gjennomsnittet.
- Bedriftene innan bygg- og anleggsverksemd gir ein signifikant lågare skår på dette spørsmålet med 28.
- 18 % av bedriftene er einige i at kommunen har god kapasitet i arbeidet med næringsutvikling og 41 % er ueinige. Totalt sett svarer bedriftene til ein snittskår på 40, så noko på den negative sida. Det er og ein liten andel på 15 % som svarar at dei ikkje veit om kommunen har god kapasitet i arbeidet med næringsutvikling, som gjer at snittskåren påverkast. Det er ingen kjenneteikn ved bedriftene som skil kven som er meir eller mindre einig i denne påstanden.

Næringsutvikling står høgt på den kommunale dagsordenen




Kommunen har god kapasitet i arbeidet med næringsutvikling



# Synest bedriftene at kommunen legg til rette for at dei lokale kan vinne oppdrag?

- 21 %\* svarer at dei er einige i at kommunen legg til rette for at også det lokale næringslivet kan vinne oppdrag/avtalar i forbindelse med innkjøp, bygg, infrastruktur og liknande. Det er derimot ein høgare andel som svarer at dei er ueinige i påstanden, med 47 %. Samla sett gir dette ein snittskår på 37, eit lågt resultat.
- Det er ingen klare kjenneteikn ved bedriftene som skil dei som er einige frå dei som er ueinige.

Kommunen legg til rette for at også det lokale næringslivet kan vinne oppdrag/avtalar i forbindelse med innkjøp, bygg, infrastruktur etc.







# Kva slags inntrykk har bedriftene om kommunens planar og koordinering

- 14 % er einige og 46 % er ueinige i at kommunen evnar å koordinere arbeidet med nærings saker godt på tvers av ulike avdelingar/tenester. Samla sett gir dette ein snittskår på 36, eit dårleg resultat. Merk at 15 % av bedriftene har svart at dei ikkje veit kva dei skal svare på dette spørsmålet. Sidan «Veit ikkje»-svar ikkje er med i utrekninga av gjennomsnittet så vil den relativt høge andelen «Veit ikkje»-svar ha ein påverknad på snittet. Det same gjeld neste spørsmål.
- Bygg- og anleggsverksemda er klart mindre einige i påstanden om at kommunen evnar å koordinere arbeidet med nærings saker og får ein snittskår på 16, der dei andre hovudbransjane svarer til eit snitt på 38-55.
- 37 %\* av bedriftene er einige i at kommunen har eit planverk for arbeidet med nærings- og samfunnsutvikling og 27 % er ueinige. Samla sett gir dette ein snittskår på 55.
- Det er meir semje blant Florø-bedriftene (48 %) for denne påstanden enn blant bedriftene i Måløy (19 %).

Kommunen evnar å koordinere arbeidet med nærings saker godt på tvers av ulike avdelingar/tenester




Kommunen har eit planverk for arbeidet med nærings- og samfunnsutvikling



# Nesten halvparten synest ikkje det er enkelt å kome i kontakt med ansvarleg

- Ein av fem (20 %) synest det er enkelt å kome i kontakt med den eller dei som er ansvarleg i nærings saker, medan 45 % synest ikkje det. 23 % er nøytral til påstanden og bedriftene svarer til ein snittskår på 39, eit lågt resultat.
- 70 % av bygg- og anleggsbransjen er ueinige i at det er lett å kome i kontakt med sakshandsamar/ansvarleg i nærings saker, ein høgare andel enn blant dei andre bransjane (27-56 %).

Det er lett å komme i kontakt med sakshandsamar / ansvarleg i nærings saker



# Kor er skilnadene mellom bedriftene?

- Dei største skilnadane er tydeleg mellom bedrifter innan bygg- og anleggsverksemda, der dei skil seg ut som mindre einig på 8 påstandar:
  - Kommunen har ledige næringsareal
  - Kommunen sine reguleringsplanar er godt tilpassa næringslivet sitt behov
  - Kommunen handsamar saker som angår næringslivet på ein god måte innanfor reguleringsplanar
  - Kommunen handsamar saker som angår næringslivet på ein god måte innanfor næringsstøtte
  - Alt i alt yt kommunen god service ovanfor næringslivet
  - Kommunen har god forståing for behova til gründerar/etablerarar
  - Næringsutvikling står høgt på den kommunale dagsorden
  - Kommunen evnar å koordinere arbeidet med nærings saker godt på tvers av ulike avdelingar/tenester
- Det er berre eitt spørsmål der det er ei signifikant skilnad mellom Måløy og Florø:
  - Har di bedrift utfordringar med å få rekruttert nye medarbeidarar
    - Måløy er meir einig i påstanden og Florø er mindre einig.
- Kor mange tilsette ein bedrift har heng saman med den tydelegaste skilnaden på spørsmålet
  - Kommunen handsamar saker som angår næringslivet på ein god måte innanfor næringsstøtte
    - Dei med 1-5 tilsette er meir einig i påstanden enn dei større bedriftene.



Kinn kommune



Sentio Research Norge

Verftsgata 4, 7042 Trondheim

90 54 88 92

post@sentio.no